



Ordensreglement for Hildre Montessoriskule

Ordensreglementet for Hildre Montessoriskule skal vere med å skape ein skule der elevane er trygge, trivast og tileignar seg kunnskap og sosiale ferdigheiter, slik at dei kan oppleve å lukkast ut frå eigne føresetnader.

1. Alle elevar ved Hildre Montessoriskule har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.
2. Alle har ansvar for at det er arbeidsro i timane.
3. Vi viser omsyn og er høflege mot alle. Vi har alle eit ansvar for at ingen blir erta/plaga/mobba på skulen vår, både til og frå skulen og i skuletida.
4. Vi syner respekt for det som tilhøyrar skulen og andre elevar, slik at ingenting vert skadd eller øydelagt. Vi kan gjerast erstatningsansvarleg for det vi øydelegg, jf. Skadeerstatningslova § 1-2, nr.2
5. a) På barneskulen tek vi ikkje med oss: -snop, -tyggis, -eigne leiker.
b) På ungdomsskulen kan ein i samsvar med lærar, bruke tyggis.
6. a) På barneskulen let vi Mobiltelefonen ligge igjen heime eller har den av skrudd, i sekken.
b) På ungdomsskulen kan ein bruke mobiltelefon i samsvar med lærar.
7. Dersom ein treng å forlate skuleområdet i skuletida, spør ein kontaktlærar.
8. Vi vil ha eit best mogleg miljø inne. Bruk derfor inne - sko. Orden i klasserommet og i gangen er også viktig.
9. Nede på grusbanen kan ein sykle. Alle som sykklar, må ha sykkelhjelm. Vi viser omsyn til andre barn som leikar på banen, Vi brukar sykkelhjelm til og frå skulen. Rullebrett, rulleskøyter, sparkesykkel, snøbrett og utforski, kan brukast på tilvist stad, med fullt sikkerheitsutstyr. Snøballkasting kan skje på tilvist stad.
10. Bruk av tobakk og rusmiddel er forbode på skuleområdet og på arrangement som skulen står for. Jf. Opplæringslova § 9-3, 3.ledd.
11. Konsekvensar av brot på ordensreglementet:
 - Samtale med ein av personalet
 - Foreldre blir kontakta ved alvorlege brot
 - Utvising for timar eller resten av dagen etter at foreldra er orientert. Jf. Opplæringslova § 2-9, 3. og 4.ledd, § 2-10

Godkjent i Samarbeidsutvalet ved Hildre Montessoriskule, 24. januar 2019